


Ål kommune

Kommuneplan 2015–2027



Ål kommune
Torget 1, 3570 Ål
Tlf: 32 08 50 00
www.aal.kommune.no



Innhold

	Føreord	4
1	Innleiing	5
1.1	Det kommunale plansystemet i Ål	5
1.2	Planprosessen	5
2	Fakta og utviklingstrekk	6
2.1	Folketal og busetjingsmønster	6
2.1.1	Framskriven befolkning	6
2.2	Naturressursar	7
2.3	Samhandling og regionalt samarbeid i Hallingdal	7
2.4	Næringsliv	7
2.5	Arrangementskommune	8
2.6	Hyttekommune	8
2.7	Kultur og fritid	8
2.8	Folkehelse	8
2.9	Kommunalt tenestetilbod og kommuneorganisasjon	8
3	Visjon, overordna mål og satsingsområde	9
3.1	Visjon, overordna mål og satsingsområde	9
3.2	Overordna mål	9
3.3	Satsingsområde	9
4	Delmål - 2015-2027	10
4.1	Oppvekstmiljø	10
4.2	Kultur og fritid	11
4.3	Helse og omsorg	12
4.4	Folkehelse	13
4.5	Attraktivt sentrum og levande grender	14
4.6	Næringsutvikling	15
4.7	Utdanning og kompetanseutvikling	16
4.8	Natur og kulturlandskap	17
4.9	Trygt for alle	18
4.10	Klima og energi, samferdsel og infrastruktur	19
5	Ordforklaringar	20

Føreord

«Eit levande Ål for alle» er Ål sin visjon. Det er og eit uttrykk for ein ambisjon om samfunnsutvikling mot 2027.

Me vil at Ål skal vera for alle! At veksten skal vere berekraftig, og at me saman byggjer eit inkluderande og godt samfunn å høyre heime i, både for fastbuande, for hyttefolk og andre tilreisande.

Samfunnsdelen av kommuneplanen er kommunen sitt arbeidsverktøy for langsiktig og heilskapleg planlegging. Det inneber at denne planen er styrande for arealdelen (kartet) og anna kommunal planlegging og saksgang.

Arbeidet med kommuneplanen for Ål, samfunnsdelen, 2015 – 2027, starta opp vinteren 2013. Kommuneplanutvalet (KPU) og alle faggrupper i administrasjonen har komme med innspel og vore med i heile prosessen. Planen vart vedteken i kommunestyret 20.11.2014.

Ei spørsmålsliste som politikarar og administrasjonen meinte var gode utgangspunkt for innleiande uttalar, vart brukt på ope folkemøte på Torpomoen i januar 2013. Innspel frå folkemøte er gjennomgått og teke inn i planen. Forslag til innhald i ny plan vart utarbeidd

og sendt ut på brei høyring. I høyringsperioden vart både ungdomsråd, eldreråd og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kontakta særskilt. Alle innspel er vurdert og teke med der det har passa. Mange av innspela har vore tiltak, og kjem difor ikkje direkte til syne i ein slik overordna plan. Dei høyrer meir heime innanfor temaplanar med meir konkrete handlingstiltak for ulike sektorar.

Eg er svært nøgd med det arbeidet som er gjort. Den samfunnsdelen av kommuneplanen me no har, vil vere eit godt arbeidsdokument og rettesnor for vidare arbeid.

Ivar Brevik
Ordførar





1 Innleiing

Kommuneplanen er overordna styringsdokument for Ål kommune. Planen skal liggje til grunn og vera førande for alle saker som vert vedteke i Ål kommune. Det er ein plan som skal nyttast aktivt av politikarar, administrasjonen og andre.

Samfunnsdelen av kommuneplanen (dette dokumentet) skal gjelde for minst 12 år og har mål for samfunnsutviklinga og retningslinjer for kommunal aktivitet. Den vert rullert kvart 4. år.

1.1 Det kommunale plansystemet i Ål

Detaljane for kvart av tenestekområda Ål kommune tilbyr innbyggjane sine er omtalt på Ål kommune si heimeside: www.aal.kommune.no.


Økonomiplanen og årsbudsjetta som vert vedteke kvart år, viser korleis Ål kommune vil bruke pengane sine og viser meir detaljert kva som skal gjerast innanfor dei ulike tenestene kommunen tilbyr.

Meir detaljar kring Ål kommune sine planar ligg på: www.aal.kommune.no/Tjenester/Planar-og-regulering/Kommuneplan/

1.2 Planprosessen

Arbeidet med rulling av planen starta våren 2013. Planprogrammet vart lagt fram vinteren 2012, med påfølgjande folkemøte. Det kom inn mange innspel både i folkemøtet og i høyringsrundane deretter. Innspel er tatt til følgje og innarbeidd i planen på best mogleg måte. Meir informasjon om planprogram og planprosess finn ein på: <http://www.aal.kommune.no/alfiles/Planer/PLANSTRATEGI%20OG%20PLANPROGRAM%20juni%202013.pdf>

Figur 1: Det kommunale plansystemet



2 Fakta og utviklingstrekk

2.1 Folketal og busetjingsmønster

Folketalet i Ål har stagnert på om lag 4800 innbyggjarar dei siste åra. Fordelinga mellom folk som bur i sentrum og i grendene har samla sett ikkje endra seg stort.

Det er byggeklare kommunale tomter i eit nytt stort bustadfelt i Kolbotn i Vestlia. Det er også ledig kommunale tomter ved Vangen, i Votndalen, Leveld, Vats og på Torpo.

Ål kommune har som mål å vera ein god bu-kommune for alle.

2.1.1 Forventa folketals-utvikling


I fylgje statistikk frå SSB er forventa folketalsauke i Ål på 8,5 % frå 2012 til 2030 (figur 1).

Som for landet elles er det venta ein auke i tal på innbyggjarar over 75 år, og lite auke i andre aldersgrupper. Ein finn meir om folketal på denne linken:

http://www.aal.kommune.no/PageFiles/51652/Folketal-sutvikling%20%c3%85l%202012_2030.pdf

Figur 1:

Forventa befolkning, ulike aldersgrupper. Ål kommune 2012-2040, tal innbyggjar (y-akse), og år (x-akse).





2.2 Naturressursar

Areal:

1173 km² der omlag 80% ligg høgare enn 900moh.

Dyrka og dyrkbar jord:

Om lag 2 %. 19 169 daa fulldyrka (1.7 %) og overflatedyrka jord (0.2 %). Talet vart redusert med dei nye gardskarta som vart innført i 2012. I tillegg kjem 16 898 daa innmarksbeite (1 %). Bruk av utmarksbeita utgjer ein fórverdi på om lag 6 millionar kroner per år. 532 daa er vorte nydyrka frå 2009 – 2013.

Produktiv skog:

31,2 % eller 370 135 daa. Produktivt skogsareal: 204 458 daa. Av kubikkmassen er 41 % furu, gran utgjer 38 % og lauvtre utgjer 21 %. Balansekvantumet er omlag 46 000 m³. Det er ein auke frå ca. 32 000 m³ i 2004.

Vatn og vassdrag:

6 % eller 75 km². I Ål vert det årleg produsert vasskraft for om lag 1,1 TWh/millionar kilowattimar. Det er kraft basert på fall i Ål. Storparten av denne produksjonen skjer i Hol, Hemsedal og Nes kommunar.

Urørt natur:

0,4 % eller 4.44 km² villmark (dvs. meir enn 5 km frå tekniske inngrep). Ål har eit urskogsreservat i Tuftelia på Torpo og landskapsvernområde i Fødalen.

Biologisk mangfald:

Verdfulle område er innteikna på kart (viltkart og kart biologisk mangfald, sjå www.naturbase.no).

Klima:

Innlandsklima. Normal årsnedbør er 600-700 mm (minst om våren, mest om vinteren). Klimagassutslepp er på 9,4 tonn pr. innbyggjar pr. år.

Grus og sand:

Temakart over lausmassar eigna til vassforsyning, avlaup, oppleving og masseuttak, sjå <http://geo.ngu.no/kart/minkommune/?kommunenr=619>.

2.3 Samhandling og regionalt samarbeid i Hallingdal

Endring av kommunestrukturen er sett på dagsorden og vil bli diskutert i perioden.

Strategisk plan for Hallingdal, sjå: www.regionraadet.no/www.hallingdal.no, omhandlar prioriterte satsingsområde og fellestiltak for hallingdalskommunane framover. Dei viktigaste samarbeidsorgana på tvers av kommunane i dalen er Regionrådet og Hallingnetet.

Ål er helse- og kulturbygda i Hallingdal med Hallingdal sjukestugu, Norsk luftambulans, felles legevaktssentral, Torpmoen Rednings- og øvingspark, Hallingdal barnevernteneste og Ål Kulturhus. Kulturhuset i Ål er ei viktig drivkraft for kulturlivet i

Hallingdal. Liatoppen skisenter er eit tidsmessig godt idrettsanlegg for langrenn og skiskyting.

Utbygging av Hallingdal sjukestugu med *intermediær avdeling* er i startgropa og det vert arbeidd med finansiering av eventuell utviding av Ål kulturhus (status per desember 2014).

2.4 Næringsliv

Ål har eit variert næringsliv. Mange arbeidsplassar er knytt til offentleg tenesteyting.

Hyttebygginga i Hallingdal har ført til oppgang i bygg- og anleggsnæringa. Færre gards-

bruk driv med mjølkeproduksjon enn før, talet på stølar i drift har minka mykje, og talet på personar som har landbruk som hovudnæringsveg har gått ned. Framleis er mykje av busetjinga i Ål knytt til gardsbruk. Hogsten i skogbruket har i gjennomsnitt auka dei siste åra, men det er årsvariasjonar.

Det er ledige næringstomter i Kleivi, men det manglar ledige sentrumsnære næringstomter og areal til verksemder innan stein og grus/masseuttak. Det finst nokre ledige kontor og forretningslokale til utleige i sentrum.

2.5 Arrangementskommune

Dei store arrangementa i Ål er viktige i profilering av lokalsamfunnet Ål, for fastbuande, hyttefolk og andre tilreisande. For lokalt næringsliv og reiseliv gjev desse årlege økonomiske ringverknader på 20 - 25 millionar kroner.

Det skal satsast vidare på dei konkurransefortrinna, arrangementa og nisjeprodukta som Ål har, og spesielt det som Ål er aleine om å tilby i Hallingdal. Slik vil Ål bli ein attraktiv destinasjon i Hallingdal. Det regionale kulturhuset Ål kulturhus er ein svært viktig aktør også i denne samanheng.

2.6 Hyttekommune

Hyttebygginga og hytteturistane er ein viktig ressurs for Ål. *Hyttehallingane* er ambassadørar og deltidsbusette som bidreg til varige positive lokale ringverknader, både gjennom bruk av kultur- og friluftstilbod og for næringslivet.

Ål kommune har i 2014 omlag 3000 hytter, omlag 1200 ubebygde hyttetomter, pluss regulerte område utan innteikna tomter. Det vert bygd omlag 30 nye hytter i året i Ål. I gjennomsnitt ligg 30 - 40 hytter til ei kvar tid ute for sal.

Det er eit mål at hyttene i kommunen skal ha fleire overnattingsdøgn per år. Dei siste åra har det vore mindre etterspurnad frå grunneigarar om å få tilrettelegge areal for hytteutvikling.

2.7 Kultur og fritid

Ål har eit rikt kulturliv. Kulturminne og levande tradisjonar som til dømes kulturuttrykk innan dans, dialekt, drakt, handverk, husflid, musikk og scenekunst står sterkt i Ål. Mange frivillige lag og klubb- ar står for slik aktivitet, i tillegg til at Ål har mange ulike idrettgrupper. Friluftslivet i Ål, med tilrettelagte turstigar og skiløyper, er viktig både for lokalbefolkning og turistar.

Ål kommune er ei viktig drivkraft for kulturlivet i Hallingdal. Kulturhuset i seg sjølv, og kulturarrangement elles, er viktige marknadsføringsfaktorar for Ål og Hallingdal. Kulturhuset er å rekne som eit kulturelt "drivhus" for samarbeid med ulike miljø innan kulturformidling.

Ål har fleire større arrangement innan idrett og kultur. Dei er tufta på godt samarbeid mellom private, frivillige og offentlege aktørar. Arrangementa gjev store lokale ringverknader for næringslivet.

2.8 Folkehelse

Folkehelse er eit vidt felt. Folkehelselova byggjer på, og er samordna med, Plan- og bygningslova. Lova legg til rette for politisk forankring av *folkehelsearbeidet*. Det berande prinsippet er å fremje folkehelse i alle sektorar under mottoet "helse i alt me gjer".

Ål har mange folkehelsegode, mellom anna eit mangfald i kultur og idrettstilbod, eit rikt friluftsliv, ein godt etablert *Frivilligsentral*, og *Frisklivssental*.

Samhandlingsreforma legg føringar for at førebyggjande tiltak skal vektleggast for å bremse sjukdomsutvikling. Folkehelseutfordringar generelt i 2014 er knytt til levevanar som inaktivitet, tobakk, kosthald og miljøfaktorar. Sosiale skilnadar i helse er aukande. Ein ser og auke i personar med psykiske vanskar, og fleire som opplever einsemd. Ål ligg over landssnittet og fylket når det gjeld andel born som veks opp i familiar med låg inntekt, men kommunen er på landsnivå i høve inntektsnivå (Sjå folkehelseprofilen for Ål: <http://www.aal.kommune.no/Tjenester/Helse/Friskliv/Folkehelse/>)

I Ål vil det fortsatt vere ein høg andel eldre i framtida. Det inneber både ressurstilgang (frivillige eldre), men også auka kostnader knytt til omsorgstenesta.

2.9 Kommunalt tenestetilbod og kommuneorganisasjon

Kommuneadministrasjonen ynskjer å ha høgast mogeleg kvalitet i tenestetilboda. Administrasjonen sine verdjar er open – grundig – modig.

Helse- og omsorgstenester, barnehagar og skular har vorte styrka dei siste åra med tenlege bygg. Store utbyggingar innan helse er på gang. Det er ei utfordring å ta vare på kommunale bygg og anlegg på ein god måte. Trongen for utbetring av vatn- og kloakknett og ynskt utbygging av gangvegar, krev store ressursar i åra som kjem.



3 Visjon, overordna mål og satsingsområde

3.1 Visjon

Eit levande Ål for alle!

3.2 Overordna mål

- I Ål skal det vera godt å bu og leva.
- I Ål skal alle verta sett, inkludert og respektert.
- Utviklinga i Ål skal ta vare på behova til komande generasjonar.
- Ål vil vera eit berekraftig lokalsamfunn, økonomisk, sosialt og miljømessig.
- Ål har, og vil ha, aktive, kreative, deltakande og skapande innbyggjarar.
- Ål skal vidareutvikle gode og lønsame arbeidsplassar.

3.3 Satsingsområde

- Oppvekstmiljø
- Kultur og fritid
- Helse og omsorg
- Folkehelse
- Attraktive sentrum og levande grender
- Næringsutvikling

Dei fleste satsingsområda har egne fagplanar.



4 Delmål 2015-2027

4.1 Oppvekstmiljø

Ål vil ha eit trygt og inkluderande oppvekstmiljø der alle lærer å ta ansvar, vise respekt og ha omsorg for kvarandre.

Eit godt oppvekstmiljø er viktig for alle barn og unge si utvikling. Oppvekstmiljøet har mykje å seie for at folk skal trivast og ha lyst til å etablere seg i kommunen. Satsing på barn og unge er ei god investering i framtida og er viktig for trivsel, etablering og samfunnsutvikling generelt.

Ål vil:

1. Hjelp alle som veks opp i Ål til å bli flygedyktige og rotfaste. Bruke vengene for å få innsikt, vidsyn og perspektiv, og feste røter for å meistre eigne liv og tru på eigne krefter.
2. At barn og unge skal verta høyrd i saker som omhandlar dei, som enkelt-personar og som gruppe, gjennom til dømes Ungdomsrådet.
3. Ha ein mobbefri skule.
4. Ha god samhandling mellom barnehage, skule, helsestasjon, skulehelse-teneste, barnevern og PPT, til beste for barn og unge.
5. Fremje tidleg innsats og på den måten sikre at alle born med avvikande utvikling og læreveskar får hjelp så tidleg som råd.
6. Ha høg pedagogisk kvalitet i alle barnehagar og skular, og arbeide systematisk for god rekruttering til fagstillingar.
7. Ha tidsriktige og framtidsretta hjelpemiddel og gode bibliotektenester.
8. Sikre gode uteområde som legg til rette for lek, læring og fysisk aktivitet.
9. Oppgradere skular og barnehagar.
10. Leggje til rette for at flest mogeleg kan gå/sykle/sparke trygt mellom heim, skule og fritidsaktivitetar, mellom anna med vidare utbygging av gang- og snarveg.
11. Ha god og brukartilpassa skulefritidsordning (SFO) med godt kvalifisert personale.
12. Leggje til rette for gode fritidstilbod for barn og unge, samt støtte ungdommen i å skape eigen aktivitet.
13. Drive haldningsskapande arbeid mot vald, rus, kriminalitet og rasisme, og mellom anna vera eit lokalsamfunn med MOT.



4.2 Kultur og fritid

Ål vil vidareutvikle seg som *kulturbygda i Hallingdal* og styrke sin kulturelle identitet.

Ål legg det utvida kulturomgrepet til grunn i kommuneplanen. Det vil seie både det fysiske miljøet med idrett og friluftsliv, det tradisjonelle kunst- og kulturuttrykk og arbeidet til lag og organisasjonar.

Ål vil:

1. Vektlegge *kultur* som eigenverdi.
2. At kunst, *kultur* og fritids-tilbod skal vere tilgjengeleg for innbyggjarar, hyttefolk og tilreisande.
3. Ta vare på og formidle eiga kulturhistorie og materiell *kultur* av høg verdi.
4. Støtte og samhandle med frivillig sektor.
5. Styrke idrettsanlegga, som fleirbruksområde og som sosiale møteplassar for alle.
6. At idrettstilbod skal femne både breidde og topp.
7. Vidareutvikle Ål kulturhus som ein viktig møteplass på *Sundre* og for Hallingdal, mellom anna med etablering av Landsdelsscene for dans.
8. Vidareutvikle biblioteket som ein sosial, oppdatert og framtidsretta møteplass i kulturhuset.
9. Oppretthalde Ål kulturskule på eit høgt nivå, knytt til kulturhuset.
10. Vidareutvikle kreative- og kulturbaserte næringar.





4.3 Helse og omsorg

Ål skal vera helsekommunen i Hallingdal. Som vertskommune for Hallingdal sjukestugu med *intermediær avdeling*, Utviklingssenteret for sjukeheimar og ei rekke interkommunale samarbeidstiltak, har Ål eit særleg ansvar for gode helsetenester til alle, både ålingar, hallingar og tilreisande.

Helse- og omsorgstenestene skal fremje god helse, og uavhengig av alder og bustad gje tilstrekkeleg hjelp til at brukaren kjenner seg trygg og betre kan meistre livet sitt.

Ål vil:

1. Ha brukar og brukarmedverknad i fokus, og sikre at pårørende, både barn og vaksne, får ta del i hjelpa og omsorga dei treng.
2. Mobilisere og organisere frivillige lag og enkelt-personar til å ta del i ulike delar av helse- og omsorgsarbeidet for alle aldersgrupper.
3. Legge vekt på førebyggjande og helsefremjande tiltak. Gjennom tidleg innsats og godt *tverrsektorielt* samarbeid vil ein prioritere barn og unge, psykisk helse og rus.
4. Ha legeteneste med høgt fageleg nivå, tilstrekkeleg kapasitet og godt tilgjenge. Legevakttenesta skal vera bygd opp i samarbeid med helseforetaket og dei andre Hallingdals kommunane.
5. Gjennom *tverrsektoriell* og tverrfagleg rehabilitering, tilby tenester som gjer at den enkelte kan meistre tilveret etter sjukdom og skadar. Oppsøkande team for eldre, kvardagsrehabilitering og helse-teknologi skal hjelpe brukarane til å greie seg heime.
6. Leggje til rette for dag- og aktivitetsplassar, praksisplassar og tilrettelagte arbeidsplassar, særleg for dei som har vanskar med å finne sin plass i det ordinære arbeidslivet.
7. Styrke omsorgstenestene slik at kommunen kan ha eit tenestetilbod som er i balanse med behovet. Spesielt skal demensomsorga og heimetenesene til eldre styrkast. Ein skal ha fokus på korttidssavdelinga på sjukeheimen og heimetenestene for å kunne ta hand om dårlegare pasientar.
8. Vektlegge forskning og utviklingsarbeid for heile tida å vera i fremste rekke på tenestenivået til våre brukarar, både for å rekruttere nye fagpersonar og for å skape spanande fagmiljø for eigne tilsette, studentar og lærlingar.
9. Vera ein pådrivar for interkommunalt samarbeid i Hallingdal og samarbeid med helseforetaket. *Samhandlingsreforma* sine mål og intensjonar skal synleggjerast i strategi- og utviklingsarbeidet.
10. Legge til rette for tilstrekkelege, høvelege og fleksible areal i helsetunet for kommunale og interkommunale tenester og for tenester frå helseforetaket.
11. Sikre areal og tilgjengelegheit for fysisk aktivitet og *nærfriluftsliv* til beste for bebuarane i helseinstitusjonane.



4.4 Folkehelse

Livskvalitet og trivsel handlar mellom anna om arbeid, inntekt, bustad og fritidstilbod. Og mest av alt handlar det om korleis me har det i kvardagen. Ål vil arbeide for å styrke folkehelsa og medverke til at einskildmennesket meistrar kvardagen sine krav. Alle skal bli sett og ta sin del av ansvaret for eit inkluderande og levande nærmiljø.

Ål vil:

1. Minske helseskilnader som fylgje av *sosial og økonomisk ulikskap*.
2. At *folkehelse* i aukande grad skal setja sitt preg på samarbeidstiltak mellom kommune og private aktørar, *næringsliv* og frivillige.
3. Redusere faktorar som på lang og kort sikt har, eller vil kunne ha, negativ innverknad på helsa.
4. Leggje eit "*føre var-prinsipp*" til grunn der ein er usikker på om eit tiltak kan få negative verknader for helse og trivsel.
5. At fleire innbyggjarar på tvers av generasjonar, vert engasjert i lokalmiljø og frivillig arbeid.
6. Styrke *frisklivs*arbeidet, og gjennom dette stimulere til sunne levevanar, god ernæring og fysisk aktivitet hjå den enkelte og i befolkninga.
7. Gjere natur og friområde lett tilgjengeleg for alle. Det gjeld særleg *grøne lunger, nærfriluftsområde* og turløypenett.
8. At alle skal ha høve til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselskapande og miljøvennleg aktivitet.
9. Avgrense støy, og bruke "*føre var- prinsippet*" i tiltak der støy kan gje helseulempe.
10. At *Frivilligsentralen* sitt arbeid vidareutviklast.
11. Arbeide for trafikktryggleik gjennom fysiske tiltak og haldningsarbeid.



Foto: Kari Torgersen

4.5 Attraktivt sentrum og levande grender

Eit attraktivt *sentrum* med gode fasilitetar, *grøne lunger* og gode servicetilbod er viktig både for fastbuande og for turistar. Det er eit overordna mål for Ål å legge til rette for busetting både i *sentrum* og ute i grendene.

Ål vil:

1. Vidareutvikle og styrke *Sundre* som senter for offentlig og privat service- og næringsverksemd.
2. Utvikle *Sundre* som eit tilgjengeleg, trygt og triveleg *sentrum*, med grønne lunger, *nærfriluftsliv* og trivelege møteplassar.
3. Leggje til rette for å binde saman viktige sentrumsnære område med stigar, skiløyper, gang-, spark- og sykkelveggar.
4. Til ei kvar tid ha ulike bustader og tomter tilgjengelege, kommunale eller private, i *gangavstand* frå *Sundre*.
5. Leggje til rette for ulike typar bustader og tomter i grendene, utan å bruke dyrka eller dyrkbar mark.
6. Verne om dyrka mark i sentrumsnære område.
7. Nytte regelverket for bu- og driveplikt til gagn for busetting og *kulturlandskap*.
8. At grendene opprettheld og vidareutviklar *næringslivet* sitt, saman med gode tilbod innan idrett, friluftsliv og fritidsaktivitet.
9. Stimulere til god byggeskikk, der omsyn til terrengtilpassing, *ressursbruk*, energibehov og estetikk vert vektlagt.
10. Få folk til å flytte hit og ta godt vare på dei, så dei vert buande.
11. Jobbe for fleksible og alternative transporttilbod for ungdom.





4.6 Næringsutvikling

Overordna mål for næringsutviklinga er å utvikle Ål sine fortrinn, styrke eksisterande *næringsliv* og bidra til at det vert skapt nye arbeidsplassar.

Ål vil:

1. Stimulere til eit *næringsliv* som gjev auka verdiskaping, nyskaping og produktivitet. Næringslivet skal produsere og vidareforedle varer og tenester av høg kvalitet.
2. Yte offentlege tenester som *næringslivet* er nøgd med: rask sakshandsaming, god rådgjeving og informasjon, realistiske krav og forventningar m.m.
3. Stimulere til *gründerskap* og vidareutvikling av eksisterande bedrifter ved bruk av næringstilskot.
4. Leggje til rette for å styrke utviklingsevna hjå *næringsliv*, politikarar og administrasjon.
5. Stimulere til at *næringslivet* kan tileigne seg naudsynt og relevant kompetanse.
6. Ta initiativ til og støtte samarbeid og nettverksbygging mellom *næringslivet* og det offentlege.
7. Leggje til rette for at det til ei kvar tid er ledig og tilrettelagt næringsareal.
8. Stimulere til auka bruk av lokalt *næringsliv* både frå innbyggjarane, hyttefolk og andre tilreisande.
9. Vera med å vidareutvikle Ål som arrangementskommune.
10. Støtte og vidareutvikle regionale fellestiltak.





4.7 Utdanning og kompetanseutvikling

Kompetanse og utdanning er ein styrke for lokalsamfunnet og er viktig for kvalitet på tenester, både private og offentlege. For å styrke studiemiljø lokalt, er det viktig at kommunane i Hallingdal samarbeider om tilrettelegging for relevant *kompetanseutvikling*.

Ål vil:

1. Arbeide for at dei vidaregåande skulane i Hallingdal har gode rammevilkår slik at dei kan tilby vidaregåande utdanning for ungdom og vaksne.
2. Leggje til rette for god velferd for bortebuande elevar i den vidaregåande skulen i Ål.
3. Arbeide for å etablere ein *fjellfagskule*.
4. Tilby varierte lærling- og praksisplassar.
5. Bidra til at det i Hallingdal er gode fasilitetar og studiemiljø for vidareutdanning, til dømes desentralisert grunnutdanning på fag- og høgskulenivå.
6. Tilby vaksenopplæring i samarbeid med nabo-kommunane.
7. Leggje til rette for at Ål folkehøyskole- og kurs-senter for døve får utvikle seg.
8. Medverke til å skape utviklings- og forskingsmiljø i samarbeid med forskingsinstitusjonar.
9. Drive systematisk arbeid for å rekruttere kvalifiserte personar til fagstillingar.





4.8 Natur og kulturlandskap

Naturen er og har vore ein viktig ressurs for Ål. Den vil me forvalte slik at me tek vare på *jordbruksareal, dyrkbar jord, biologisk mangfald, kulturlandskap*, kulturminne og kulturmiljø. Langsiktig, tverr-fagleg og heilskapleg planlegging er viktig.

Ål vil:

1. At natur- og kulturressursar, friluftsinnteresser og *næringsliv* i fjellet- og utmarksområda skal takast vare på og utfylle kvarandre.
2. Sikre og samle ressursane i landbruket for auka matproduksjon med allsidig husdyrhald, god utnytting av utmarksressursane og andre tilleggsnæringar.
3. Leggje til rette for *berekraftig friluftsliv* i nærmiljøet, på åsen og i fjellet.
4. Leggje til rette for stigar, løyper og skianlegg gjennom overordna planlegging.
5. At villreinen sine leveområde skal sikrast. Heilskapleg forvaltning av fjellområda er naudsynt, jamfør «Regional plan for Nordfjella».
6. Ha god *økologisk tilstand* i alle vassdrag.
7. Ikkje ha utbygging over *skoggrensa* i nye planar.
8. At utbygging av *infrastruktur* skal takast med i overordna planlegging.
9. At nye fritidsbustader i hovudsak vert etablert ved fortetting innanfor eksisterande planområde.
10. Leggje til rette for meir miljøvennleg utbygging av fritidsbustader. Omsyn til landbruk, landskap, biologisk mangfald, *ressursbruk*, energibehov og estetikk vert vektlagt.
11. Verne om *inngrepsfrie naturområde (INON-område)*.



4.9 Trygt for alle

Alle område, sektorar og nivå skal drive *førebyggjande arbeid* og redusere risikoen for at uønskte hendingar og kriser kan oppstå. Samstundes skal alle arbeide for å avgrense og minimere konsekvensane av eventuelle hendingar.

Ål vil:

1. Utarbeide ROS (risiko- og sårbarheits)- analysar i samband med all kommunal planlegging og fylgje opp prioriteringar dette arbeidet peiker på.
2. Ha særleg fokus på område som er utsett for *naturskade*.
3. Leggje "*føre-var-prinsippet*" til grunn for å førebygge uønskte hendingar, og ha god beredskapsplan for å takle kriser og katastrofar.
4. Leggje til rette for tiltak som førebygger skader på bygningar, kulturminne, *kulturlandskap* og enkelt-objekt.
5. Styrke og utvide det interkommunale samarbeidet om brann- og redningsteneste, *beredskapsplanlegging*, øvingar og krisehandtering.
6. Ta vertskommuneansvaret for *nødnettbasen* for Hallingdal.
7. Leggje til rette for at luftambulanse og ambulanseteneste skal få styrka sine tenester i kommunen.
8. Arbeide for trafikktryggleik i kommunen gjennom fysiske tiltak og haldningsarbeid.
9. Trafikksikre løysingar må vere ein føresetnad for all areal- og samfunnsutvikling.
10. Styrke arbeidet med psykososialt krise- og sorgarbeid.



4.10 Klima og energi, samferdsel og infrastruktur

Utfordringane som er knytt til klima og energi er mange; arealbruk, utbygging, transport, avfall, fornybar energi, byggestandardar, løysingar for oppvarming, konsekvensar av klimaendringar m.m. Staten, fylkeskommunen og kommunar må i all si planlegging ta omsyn til dette i samarbeid med næringsliv og innbyggjarar. Klimautfordringar med mellom anna auka skred -og flaumfare, stiller også høge krav til *beredskapsarbeidet*.

Ål vil:

1. Jobbe *førebyggjande* på område som kan vera særleg utsett for *naturskade*.
2. Følgje opp nasjonale mål om å redusere klimagassutslepp.
3. Gjennomføre flest mogleg av tiltaka i Energi- og klimaplan for Ål kommune.
4. Jobbe for å redusere energibruken og klimagassutsleppa ved energi-effektivisering og overgang til fornybar energi som jordvarme og bioenergi.
5. Samordne areal- og transportpolitikken for å redusere transportbehovet og trafikkveksten.
6. Auke satsing på kollektiv- og godstransport på bane for å avgrense klimagassutslepp og redusere miljøskadelege verknader av transport.
7. Jobbe for meir miljøvennlege transportformer og mellom anna arbeide for å sikre gods- og persontransport frå Ål stasjon.
8. Ha fleire gang-, spark- og sykkelveggar.
9. Legge til rette for framføring av *infrastruktur* som kan sikre god data-kommunikasjon.
10. Legge til rette for bruk av elbil.



5 Ordforklaringar til kommuneplanen

Orda som er definert og forklart, står i kursiv i teksten.

- **Beredskap:** Å vera førebudd på ein situasjon som kan oppstå, ofte kritiske situasjonar.
- **Biologisk mangfald eller biodiversitet:** Summen av gen, artar og økosystem i eit område, eller variasjon av alt liv.
- **Berekraftig utvikling:** Ei utvikling som tilfredsstiller behova til dagens generasjon utan å øydeleggje høvet for komande generasjonar til å få dekt sine behov. Det omfattar berekraft for miljøet, økonomisk- og sosial berekraft.
- **Berekraftig friluftsliv:** Bruk og opphald i natur/utmark som ikkje sett synleg skadelege spor.
- **Delmål:** Mål som fører til at overordna mål vert nådd.
- **Det utvida kuturomgrepet:** Vil seie både tradisjonelle kunst- og kulturuttrykk, lag og foreiningar, det fysiske miljøet med idrett og friluftsliv, fritid og tilgrensande samfunnsområde.
- **Fjellfagskule:** Skule der agronomi for ulike driftsformer og mangesysleri i fjellregion er vektlagt, saman med kunnskap om bygdenæring og bygdeutvikling.
- **Folkehelse:** Helse-tilstanden, og korleis helse

er fordelt i befolkninga.

- **Folkehelsearbeid:** Samfunnet sin innsats for å påverke faktorar som direkte, eller indirekte fremjar folk si helse og trivsel, førebyggjer psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding, eller som vernar mot helsetruslar, og arbeid for ei jamnare fordeling av faktorar som direkte eller indirekte påverkar helsa.
- **Friskliv:** Eit samla omgrep for aktivitet/handlingar som stimulerer ein person til å ta ansvar for eigen helsefremmande aktivitet. Det vil seie å halde seg frisk gjennom sunne levevanar.
- **Frisklivsentral:** Ei kommunal helse- og omsorgsteneste med tilbod om hjelp til å endre levevanar, primært innanfor områda fysisk aktivitet, kosthald og tobakk. Målgruppa er personar som treng støtte til å endre levevanar på grunn av auka risiko for, eller begynnande utvikling av sjukdom eller liding som kan relaterast til levevanane.

Frivilligsentral: Ein møteplass som formidlar kontakt mellom menneske i lokalmiljøet, nokre treng hjelp og andre ynskjer å hjelpe. Sentralen skal leggje til rette for at menneske kan møtast på tvers av alder, interesser, kultur og føresetnader.

- **Førebyggjande arbeid (jobbe førebyggjande):** Dreier seg om tiltak som skal forhindre at sjukdom eller skade oppstår. Dette omfattar sjukdom-, skade- og problemførebyggjande tiltak.
- **“Føre var- prinsippet”:** Prinsipp som inneber at ein ikkje skal setja i gang inngrep i natur og miljø utan å vite kva konsekvensar inngrepa medfører.
- **Gangavstand:** Brukt i planarbeid om avstand ulike aldersgrupper går i løpet av ei gitt tid (illustrert i figur 2).



Figur 2: Gangavstanden ulike aldersgrupper tilbakelegg på 10 minutt. Det er vanleg å rekne at ein vaksen har ein gangfart på ca. 5 km/t. (Figur henta frå folkehelseprofilen 2014).



- **God økologisk tilstand:** Tilstanden til eit vassdrag der økosystemet i vassdraget er nesten urørt og berekraftig.
- **Gründerskap/entreprenørskap:** er å etablere og/eller utvikle ei ny forretningsmessig verksemd. Ein person som viser gründerskap/entreprenørskap har evner og kompetanse innan forretningsutvikling. Gründer- skap/entreprenørskap er gjerne retta mot nytenking innan forretningsidé, produkt- idé med utvikling av prototyp, eller mot ulike delar av ein etableringsprosess eller ein endringsprosess.
- **Grøne lunger:** Eit lite (eller større) park- eller friområde i ein by eller tettstad.
- **Helseforetaket:** Har ansvar for tilbod av spesialiserte helsetenester og oppgåver innan forskning, utdanning og opplæring av pasientar og pårørande. Noreg har fire helseregionar. Ål høyrer til i Helse Sør-Øst RHF (regio- nale helseforetak).
- **Hyttehalling:** Dei som høyrer til Hallingdal ved å eige eller leige eigedom, men som ikkje er registrert i folkeregisteret i Hallingdals-kommunane.
- **Infiltrasjonsanlegg:** Reinseanlegg for avlaupsvatn for ein eller fleire bustader eller hytter, der det ureine vatnet vert infiltrert i grun- nen for å hindra avrenning til omgjevnadane.
- **Infrastruktur:** Den under- liggjande strukturen som trengst for å få samfunnet til å fungere effektivt. T.d. vegar, vatn og avlaup, ledningsnett, jernbane m.m.
- **Inngrepsfrie naturom- råde (INON-området):** Område som ligg ein kilometer eller meir i luftlinje frå tyngre tekniske inngrep.
- **Intermediær avdeling (IMA):** Heildøgns plassar i helse- og omsorgstenesta som vert finansiert og drive i fellesskap mellom kommune og helseføretak, der pasientar kan behand- last før, i staden for, eller etter sjukehusinnlegging.
- **Jordbruksareal:** Fulldyrka-, overflatedyrka areal og innmarksbeite, slik det er definert i gards- kartgrunnlaget AR5.
- **Kompetanse:** Utdanning, erfaring og godkjende fer- digheiter ein person må ha for å fungere i ein jobb, eller i spesielle verv eller funksjonar.
- **Kultur:** Omhandlar både tradisjonelle kunst- og kulturuttrykk, lag og for- einingar, det fysiske miljø med idrett og friluftsliv og skapande fritidsverksemd der ein kan utvikle evner, anlegg og interesser.
- **Kulturbbygda i Hallingdal:** Med det meiner ein at Ål er leiande i Hallingdal når det gjeld det utvida kulturomgrepet.
- **Kulturlandskap:** Land- skap som er forma av menneska sitt liv og virke gjennom tidene.
- **Minireinseanlegg:** Reinseanlegg for av- laupsvatn for ein eller få bustader. Mekaniske-, biologiske- og kjemiske reinseprosessar gjer at restvatnet vert tilnærma reint.
- **MOT:** Ein haldnings- skapande organisasjon som jobbar for og med ungdom. Ål kommune har vore ein MOT- kommune sidan 2010.

- **Naturgrunnlag:** Ulike ressursar som vatn, luft, jord og stein.
- **Naturskade:** Naturulykker og skade (på ting), som fylgje av skred, ras, steinsprang, storm, flaum, jordskjelv eller vulkanutbrot.
- **Nærfriluftsliv:** Tilrettelegging av friluftslivsaktivitet i og ved tettstader, eller nær der folk bur.
- **Næringsliv:** Bedrifter/ selskap/ føretak som driv produksjon og handel, eller annan økonomisk verksemd. Både innan jordbruk, industri, handel og service.
- **Nødnettbase:** Nødnettbase er staden der mannskapet som driv nødnettet arbeider ut frå (sambandsløyising for brann, politi og helsetenesta).
- **Overordna mål:** Er langsiktige og ideelle mål.
- **PPT:** Pedagogisk psykologisk teneste.
- **Psykososialt:** Mellommeneskelege tilhøve (i skulen, på jobb, privat o.l.).
- **Ressursbruk:** Kjelde til forsyningar av (rå)varer og tenester som er kortreiste og lokale. I denne samanheng til bygging av hus og hytter.
- **Samferdsel:** Transport av gods, personar og informasjon lokalt, regionalt og internasjonalt. Til samferdselssektoren høyrer planlegging.
- **Samhandlingsreforma:** Sett i verk 1. januar 2012. Fokuset er førebygging, tidlegare behandling og betre samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunen, og mellom kommunale helsetenester. Pasientar og brukarar skal få god hjelp så tidleg som råd når dei treng det. Og hjelpa skal vera så nær der dei bur som råd.
- **Satsingsområde:** Er eit tema ein ynskjer å fokusere spesielt på, som prioriterast og som ein er villig til å investere i.
- **Sentrum:** Tettstaden Ål. Sunde som handelsentrum.
- **Skadeførebyggjande tiltak:** Aktivitetar som tek sikte på å hindre eller redusere skaden etter at ei ulykke er utløyst, bl.a. gjennom plan- og tilrettelegging, haldningsskaping samt bruk av fleire typar tryggingutstyr.
- **Skoggrense:** Nemning for yttergrensa for utbreiingsområdet til skogen. Skoggrensa opp mot fjellet vert kalla alpin skoggrensa og er på om lag 1000 m.o.h. i Ål kommune.
- **Sosial og økonomisk ulikskap:** Ulikskap (i helsetilstand) som fylgje av sosiale og økonomiske kategoriar – spesielt yrke, utdanning og inntekt.
- **Spesialtilbod:** Aktivitet, eller idrettsaktivitet som krev spesiell trenarkompetanse eller fasilitetar.
- **Sunde:** Namnet på Ål sitt offentlege og private servicesentrum.
- **Tilleggsnæring:** Tilleggsnæring i landbruket er definert som næringsverksemd utanom tradisjonelt jord- og skogbruk, med basis i ressursane på bruket.
- **Tverrsektoriell:** Samarbeid eller samhandling på tvers av ulike fagmiljø, avdelingar eller sektorar/ etatar.
- **Visjon:** Ein visjon er noko ein skal kunne strekkje seg etter.
- **Økologisk tilstand:** Tilstanden til eit vassdrag der økosystemet i vassdraget er nesten urørt og berekraftig. Forvaltning av vassdrag og vassdragsbelte er viktig grunnlag for naturmangfald, landskapsverdiar og friluftsliv.
- **Økosystem:** Samfunn av levande organismar og det fysiske miljøet dei lever i.



Kommuneplan 2015-2027

